
Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fordeling av tilskot til friskliv-, lærings- og meistringstilbod år 2020

Vestland fylkeskommune har fått tildelt og løyvd kr. 1 750 000,- til kommunar gjennom tilskotsordninga «*Tilskudd til etablering og utvikling av kommunale Friskliv-, læring- og meistringstilbud 2020*».

Bakgrunn

Fylkeskommunen fekk frå 2020 overført forvaltningsansvaret for «*Tilskudd til etablering og utvikling av kommunale Friskliv-, læring- og meistringstilbud*» frå Fylkesmannen i Vestland. Det er eit eige [regelverk for tilskottordninga](#). Målet med ordninga, og tildelingskriteria ligg i dette regelverket. omfattar etablering av nye frisklivssentralar, etablerte frisklivssentralar og frisklivstilbod i kommunar som ikkje har etablert frisklivssentral.

Frisklivssentral er ei kommunal helseteneste. Frisklivssentralane har som mål å fremje fysisk og psykisk helse og livskvalitet, vere eit bidrag til å endre levevanar, førebyggje sjukdom og meistring av sjukdom. Tilboda skal vere eit bidrag til betre ressursutnytting av samla innsats i helse- og omsorgssektoren, og vere ein samarbeidspart i kommunen sitt folkehelsearbeid.

Overføring av oppgåva inneber at fylkeskommunen lyser ut tilskotsordninga, vurderer søknadane, tildeler midlar, og rapporterer til Helsedirektoratet. Helsedirektoratet fordeler midlar til fylka etter ein fordelingsnøkkel slik som tidlegare. Vi fekk i år tildelt kr. 1 750 000,-.

Tildeling av midlar

Vi lyste ut midlane i mars 2020, og vi fekk inn 15 søknadar. Vurdering av søknadar og tildeling av midlar er vist i tabell under.

Søklar (kommune)	Søknadssum 2020	Vurdering av søknad	Løyvd beløp 2020
Øygarden	127 642	Friskliv og meistring Øygarden søker om midlar til vidareutvikling av brukarmedverknad ved hjelp av metode i utvikling, gjennomføring og evaluering av kommunale tilbod og tenester.	60 000
Sunnfjord	338 400	Sunnfjord søker om midlar til å vidareutvikle, samordne og utvide sine frisklivstilbod i den nye kommunen. Særleg fokus vil vere opp mot frivilligheita, og å jobbe for å sikre frisklivsrelaterte tilbod i storkommunen.	170 000

Kvinnherad 1	50 407	Kvinnherad søker om midlar til å vidareutvikle frisklivstilbodet, «Tidleg innsats for sunn livsstil». Støtta vil bidra til ferdigstilling og evaluering av kurs starta i 2019, samt planlegging og oppstart av nytt kurs i 2021. Fylkesmannen har godkjent overføring av midlar frå 2019 til 2020.	40 000
Kvinnherad 2	31 502	Kvinnherad søker om midlar til eit oppfølgjande kurs for tidlegare deltakarar på KIB og KID – kurs (depresjonsmeistring og belastningsmeistring). Eit innovativt tilbod vi ikkje ser er gjennomført før, med mål om å sikre ei betre oppfølging av deltakarar som har delteke på kurs.	30 000
Gloppen	340 000	Gloppen søker om midlar til vidareutvikling av lærings- og meistringstilbodet. "Heilt sjef" er tenkt som eit gruppetilbod og meistringstreff for vgs-elevar med mål å kunne bidra til ei heilheitleg oppfølging av unge med ulike helseutfordringar.	170 000
Kinn	150 000	Kinn søker om midlar til å styrke samarbeidet med lokalt parkinsonforbund, og vidareutvikling av tilbod for personar med parkinson og deira pårørande. Til prosjektet ønskjer dei å utvikle eit møtepunkt som eit lærings- og meistringstilbod for målgruppa.	70 000
Bergen	550 000	Bergen søker om midlar til å etablere og vidareutvikle «Finn Formen med friskliv». Eit frisklivstiltak knytt til områdesatsinga i Bergen, med fokus på styrka samarbeidet mellom legesentera, områdesatsing og frivilligsentral i nærområdet.	400 000
Stord	200 000	Stord søker om midlar til etablering av gruppetrening i basseng for gravide med rygg- og bekkenplager. Støtta vil bidra til utarbeiding av gjennomføringsplan, marknadsføring og rekruttering, gjennomføring av tilbod og midtvegsevaluering, i tillegg til hospitering, kurs og utdanning relevant for kvinnehelse.	120 000
Ulvik	120 000	Ulvik søker om midlar til vidareutvikling og ferdigstilling av interkommunalt frisklivstiltak for røykarar, og personar med kols og kronisk lungesjukdom. Midlar vil støtte frikjøp av lungesjukepleiar, til mellom anna å gjennomføre kartlegging av brukarar, utarbeide handlingsplanar, kartlegge og utvikle treningsprogram og evaluere og måle oppfølgingsprogrammet.	60 000
Fjaler	198 000	Fjaler søker om midlar til etablering av kosthaldskurs retta mot ulike grupper. Midlar vil mellom anna sikre at klinisk ernæringsfysiolog vil kunne bidra i utvikling av dei ulike kursa, og til individuell oppfølging av kursdeltakarar.	100 000
Hyllestad	122 820	Hyllestad søker om midlar til utvikling av førebyggjande helsesamtalar som eit lærings- og meistringstilbod for personar 65 år eller eldre. Støtte vil bidra till marknadsføring av frisklivstilbod, kartlegging av aktuelle brukarar og tverrfagleg samarbeid om utvikling av tilbod og organisering av vidare framdrift.	60 000
Stad	450 000	Stad søker om midlar til vidareutvikling av frisklivssentralen. Stad ønskjer å utvide sine tilbod til innbyggjarane i Selje og Bryggja, for å sikre like gode tenester til alle innbyggjarane i Stad kommune.	200 000
Askvoll	0*	*Askvoll kommune søker om midlar til etablering av "Sterk og Stødig", eit gruppetilbod for eldre. Dei søker om midlar til kurs for å utdanne frivillige instruktørar. I framdriftsplan og budsjett søker dei om gjennomføring av prosjekt i år 2021. Tilskotsordninga er berekna til å støtte aktivitetar i 2020, og det vert difor avslag på søknaden. Askvoll kan søkje på ordninga i år 2021 dersom statleg løyving av midlar til fylkeskommunen er vidareført også neste år.	0*
Stryn	190 000	Stryn søker om midlar til vidareutvikling av frisklivstilbodet for barn og unge. Støtte vil kunne bidra med kompetansehevande tiltak for fagpersonar, og støtte til klinisk ernæringsfysiolog.	100 000
Askøy	400 000	Askøy søker om midlar til vidareutvikling av frisklivstilbodet "aktiv tilbake til jobb". Støtte vil kunne bidra til at Askøy får prøvd ut deira modell retta mot sjukemeldte.	170 000
Totalt	3 268 771		1 750 000